



Mathilde fotografert frå Skorpo

**Jakta Mathilde ligg i uthamn på Skorpo i kveld.**

**Leirskulesesongen er i full gang og Skorpo og Ole Kristoffer Vågen er fast stopp.**

**Det er eit vakkert syn å sjå den staselege restaurerte skuta i Storsund, rigga som Hardangerjakt.**

Det er enno nokre av dei eldste i bygda som minnest den siste jakta vi hadde i Uskedalen. Namnet var Segny, men på folkemunne gjekk fartyet berre for Sandajekto.

Den var noko mindre enn Mathilde, men elles mykje godt lik.

Søskenbarna Mandius og Johan Myklebust var eigarane. Seinare, frå 1927, førte brørne Martin og Johan J. Myklebust Sandajekto. Dei gjekk i sandfarten, men skuta vart og nytta som lossementa på sildefiske.

Segny vart seld til Bartz Johanessen på Stord og ombygd på Kjøtteinen. Jekto fekk kryssarhekk og med ny og større maskin vart skuta brukt på Finnmarkskysten i oppbygginga etter krigen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal